


Møtereferat

Møtetittel: Samarbeidsmøte Sjustjerna og Helseføretak
Møtenummer: 4/2022
Møteleiar: Mona Ryste
Referent: Mona Ryste

Dato: 080422
Tidspunkt: Kl. 10 00 – 10.45
Stad: Teams


	Namn	Møtt
Representantar	Stian Endresen, PKO	
	Oddvar Marøy	
	Rune Sjurgård, rådmann vertskommune	
	Arne Gotteberg, Hareid	
	Bent Ingebrigtsen, Volda	
	Norunn K. Elde, Ulstein	X
	Asta Sileikiene, Sande	
	Bjørn Martin Aasen, Herøy	X
	Cecilie Oppedal, Vanylven	
	Marte V. Øie, Ørsta	X
	Joar Ulstein, Klinikk Diagnostikk	x
	Unni Skare, Fagavdelinga	X
	Hallgrim Myklebust	X
	Marius Kile Brenne, Klinikk Volda	x
	Palma Hånes, Klinikk Volda	X
	Mona Ryste, Klinikk Volda	X
	Halbjørn Myklebust	

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Frist
Velkomen, praktisk info og agenda	Beklager at ein måtte flytte møte på kort varsel pga statsforvaltaren hadde kalla inn kommunane til møte onsdag 4. april kl. 1000, også på kort varsel. Avtale at Marte gir Mona rask melding når slik innkalling frå statsforvaltaren kjem til kommunane. Slik vi evt. kan tilpasse. Det var ønskeleg å ha onsdag som møtedag.	Mona Ryste	




Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Frist
Situasjonsbilette/ status Covid-19 og flyktningssituasjonen i kommunane	<p><u>Herøy kommune:</u> Klart fallande smitetal - ingen smitte i omsorgsinst - bustadar per dato. Siste 3 heile veker: 248 - 168 - 78. Høgst i veke 8: 747. Siste 7 dagar : 8 - 10 - 7 - 3 - 13 - 8 - 7. Held fram med eigenregistrering ut april. Lagar ny beredskapsplan for vaksinerings og TISK med verknad frå 01.05.22 i samsvar med regjeringa sin strategi.</p> <p><u>Ulstein kommune:</u> Roleg i høve til Covid og 102 smitta førre veke. Mindre utbrot på sjukeheim med 2 døde.</p> <p>Ulstein har tatt i mot 198 flyktningar i privat akuttmottak. Nesten alle hadde D-nr. Norunn fortel om godt samarbeid med sjukehuset når det gjeld Rtg. og blodprøver.</p> <p>Det vil også kome 226 flyktningar til Hareid frå i dag. Ho vil informere Gotteberg/Overå om korleis dei har fått det til i Ulstein. Mona sender også Mail til Overå.</p> <p><u>Volda kommune:</u> Bent Ingebrigtsen har meldt forfall</p> <p><u>Ørsta kommune:</u> 123 smitta denne veka. Vil behalde smittestasjonen. Bemanning med ein person. Utbrot på sjukeheim der 30 vart smitta og fem døde. Desse fem hadde særskilt høg alder og var skrøplige elles. Ikkje noko dramatisk i dette.</p> <p>Ørsta har mottatt 13 flyktningar som har kome hit i privat regi. Alle hadde D-nr og var registrert. 2 har vore til rtg/Igra. Tett dialog vidare med rtg./Lab.</p>	<p>Mail frå Bjørn Martin Aasen</p> <p>Norunn K. Elde</p> <p>Bent Ingebrigtsen</p> <p>Marte V. Øie</p>	



Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Frist
	<p><u>Sande kommune:</u> Ikkje tilstades</p> <p><u>Hareid kommune:</u> Ikkje tilstades.</p> <p><u>Vanylven kommune:</u> Ikkje tilstades:</p>		
Situasjonsbilete i HF, covid-19	<p>Alle sjukehusa tek i mot Covid-19 pasientar, og Klinikk Volda har 3 innlagt per d.d. Kvit beredskap frå 29. mars. Besøksrestriksjonar er oppheva og Klinikk Volda har besøkstid frå kl. 17 -19 alle dagar. Elles ved andre behov etter avtale.</p> <p>Sjukehuset har tatt i mot 100 flyktningar til rtg denne veka og labben har gitt blodprøve til 64 born ambulant i Ulstein. Labben med Joar Ulstein melder om eit særst godt samarbeid med helsesøster Hanne Kristin Sundgot, og han gir eit «Råbra» kort til henne. Takka vere god organisering frå Helsestasjonen si side kom bioingeniørane frå Medisinsk Biokjemi Volda til «dekka bord». Godt eigna lokalar stod til disposisjon, pasientlogistikken gjekk på skinner og blodprøvetaking vart gjennomført i rolege og trygge omgjevnader utan at borna med følge måtte inn på sjukehuset i Volda (jf. presentasjon).</p> <p>Følgjande seksjonar/personar vart presentert i møte: Medisinsk biokjemi: seksjonsleiar Joar Ulstein, Rtg.: Seksjonsleiar Alice Tverberg, Smittevern Unni Skare og Tuberkulose koordinator Volda sjukehus (jf. presentasjon).</p> <p>Elles vart det informert om oppdatering av flytskjema FHI for tuberkuloseundersøking 7.</p>	Mona Ryste	



Møtereferat

Sak	Status/aksjonspunkt	Ansvarleg	Frist
	<p>april, instruks for medisinsk evakuering, registrering av flyktingar på sjukehuset, kommunikasjonsperm frå A-hus/sjukehuset i Østfold og at statsforvaltaren vil kome med kontaktpunkt i kvar kommune, der epikrisene skal sendast til.</p> <p>Det var også stor interesse for digital tolk 24/7 i HMR knytt til Akuttmottaka. «Care to translate» (CTT) eit pilotprosjekt der det digitale verktøyet skal skal effektiviserast i møte med framandspråklege (jf. presentasjon).</p>		
Andre saker	<p>Ingen saker til eventuelt</p> <p>Neste møte: 20. april kl. 1000 Meld aktuelle saker til Mona, Stian eller Oddvar.</p>		